

Offentlege høyringspartar og organisasjonar

Dykkar ref.:

Vår ref.:
5187596/Dokument2

Dato:
2018-11-26

► Varsel om oppstart av planarbeid Detaljreguleringsplan for Oppheim Caravan gnr/bnr 316/3 og 12. Plan- ID 2018008

På vegne av Oppheim Caravan, varslar Norconsult AS med dette om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Oppheim Caravan. Området ligg på nordsida av Oppheimsvatnet på Vossestrand, mellom Oppheimsvatnet og E16. Planområdet er på ca 16 daa og avgrensinga er vist på kartskisse nedanfor. Oppstartsmøte med Voss kommune vart helde 29.10.2019.



Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for vidareutvikling av Oppheim Caravan som ein attraktiv plass for langtidsparkering av ca 50 campingvogner med spikartelt. Eksisterande bustadhus inngår i planen. I tillegg ynskjer ein å leggja til rette for etablering av ny restaurant/ servicebygg som skal vera eit tilbod både for campinggjestene, lokalområdet og forbipasserande. Strandsona skal leggjast til rette for tilkomst og aktivitetar for ålmenta. Ein vil vurdere noko utviding av strandsona ved utfylling i vatnet eller flytting av vogner på land. Strandkanten skal og sikrast mot erosjon mot vatnet.

Området er i gjeldande kommuneplan avsett til «fritids og turistføremål/campingplass» og «næringsbebyggelse»

Statens vegvesen har sett i gang arbeid med Kommunedelplan E16 Slæn -Tvinno, plan ID 2155006, ei strekning som omfattar Oppheim. Føremålet med prosjektet er å fastleggje framtidig vegline for E16.

Planarbeidet er vurdert ikkje å uløysa krav om konsekvensutgreiing då den er i tråd med overordna plan og ikkje i konflikt med viktige miljø- og samfunnsforhold..

Spørsmål, innspel og opplysningar som kan vera viktig for planarbeidet kan sendast :

Norconsult AS v/ Astrid Rongen,
Skulegata 11 A ,
5700 Voss

eller på e-post til astrid.rongen@norconsult.com.

Frist for merknadar er sett til 07.01.2019

Med vennleg helsing
Norconsult AS

Astrid Rongen
